

Saksframlegg

| Utv.saksnr | Utvalg | Møtedato |
|------------|-------------|------------|
| 123/2008 | Formannskap | 09.09.2008 |

Endringer i viltlova og rovviltforskrifta - naudverge, bruk av åte

- 1 I Endringer i viltloven og rovviltforskriften - Det Kongelige Miljøverndepartement
nødverge, bruk av åte
- 2 S Endringer i viltlova og rovviltforskrifta -
naudverge, bruk av åte

Saksutgreiing

MD har sendt ut høyringsforslag til kommunane: "Endringer i viltloven og rovviltforskriften - nødverge, bruk av åte". Høyringsfrista er 5. september.

Den viktigast endringa er at jerv og gaupe kan felles av eigaren, eller nokon som opptrer på eigars vegne, for å fjerne ein aktuell og betydelig fare for skade på bufe eller tamrein når det er sannsynlighetsovervekt for at angrep vil finne stad og det ikkje er mogeleg å avverje faren på anna rimeleg måte. Bjørn kan felles på same vilkår, dersom det nasjonale/ regionale bestandsmålet for bjørn er nådd. Dagens lovtekst opnar for felling i nødverje under direkte angrep på bufe eller tamrein. Vidare er det i forslaget opna for felling av rovdyr innanfor "rovdysikker innhegning" med omtrent same ordlyd, men utan krav om prøve å avverje faren på annan måte.

Forslaga i korte trekk er:

Viltlova 11- endring, rovviltforskrifta §13a – ny, viltlova §26 – heimel:

"Endringsforslaget gjelder for det første § 11 i viltloven, den såkalte nødvergebestemmelsen. Det foreslås også en ny § 13a i rovviltforskriften. Departementets forslag innebærer at det innføres adgang til felling av gaupe og jerv til forsvar av bufe og tamrein uten at det foreligger et direkte angrep. Det må imidlertid foreligge en aktuell fare for skade samt sannsynlighetsovervekt for at angrep vil finne sted. Bjørn kan etter forslaget felles etter de samme vilkår, dersom bestandsmålet for bjørn er nådd.

Det foreslås også innført en adgang til felling, uten at det foreligger et direkte angrep, av rovdyr som kommer innenfor et hegn med produksjonsdyr eller hund. Det er et vilkår at inngjerdingen tilfredsstillende kravene til rovdysikre gjerder fastsatt av Direktoratet for naturforvaltning.

Adgangen til å felle vilt utvides ikke til å omfatte hund som angripes utenfor hegn.

I arbeidet med ny naturmangfoldlov er viltloven § 11 foreslått videreført i naturmangfoldloven § 17, jf. NOU 2004: 28. Eventuelle endringer i viltloven § 11, som følge av foreliggende høyringsforslag, vil derfor bli innarbeidet i ny naturmangfoldlov. Dersom endringene i viltloven kommer på plass før ny naturmangfoldlov vil endringene i første omgang innarbeides i gjeldende viltlov.

Videre foreslår departementet at det innføres en hjemmel i viltloven § 26 for å regulere adgangen til bruk/utlegging av åte i forbindelse med jakt, fangst og felling av vilt, samt utlegging av åte for å lokke til seg vilt i ulike andre sammenhenger."

Vurdering

Lom kommune har følgjande merknad til dei føreslegne endringane:

Heilt sidan villlova vart endra fyrst på 1980 talet og fram til i dag har det vore ein kontinuerleg diskusjon om naudverje i forholdet mellom husdyr og rovdyr.

Paragrafen som nedfeller heimelen for naudverje har endra ser frå å omfatte:

”- **under fare for direkte angrep**”(1980-81), til ”- **under direkte angrep på bufe** - ”(1992-93) og no forslag om ”- **sannsynlighet for at angrep vil finne sted**” (2008).

Viltlova 11- endring:

1. Det må ikkje leggjast til grunn skilnad på artar i paragrafen. Naudverjeregelen må gå på **situasjon og ikkje art.**
 - Det blir prinsipielt feil å skilje bjørn og gaupe/jerv slik som foreslege i høyringa. Ser ein på registreringstala som viser ein prosentandel på 60-90 % hannbjørnar, vil det vera feil å bruke arten som eit hinder for å utløyse bruk av naudverjeparagrafen. Om ein skyt ein hannbjørn som er på vandring for å hindre skade på bufe kan ikkje det gjera dei heilt store utslaga i bestanden.
 - Å leggje inn i paragrafen omgrep som ”-avverge faren på annen rimeleg måte-” gjer lova uklar og vanskeleg å halde seg til.
2. Lom kommune er sterkt i tvil om endringa vil klargjere det juridiske meir enn den eksisterande regelen.

Rovviltforskrifta § 13a – ny:

1. Som ein direkte konsekvens av den nye paragrafen blir det sett krav om at standard på gjerde skal oppfylle Direktoratet sine krav til rovdysikre gjerde. Med alle dei hegn som eksisterer og som ikkje tilfredstiller desse krava vil der vera heilt uhaldbart for næringa å setje slike krav. Det er heller ikkje til stor hjelp om styresmaktene yter tilskot til slike hegn så lenge det ikkje dekker heile meirkostnaden til slike tiltak.
2. Dess meir ein detaljerer regelverket og kompliserer iverksetjing av skadefelling dess meir uhaldbart blir det for næringsutøvarane. Ein skadefellar vil i ein gjeven situasjon fyrst og fremst tenke på husdyra

Viltlova § 26 – heimel:

Lom kommune ser positivt på at det blir opna for at Kongen kan gje nærare reglar for løyve til å leggje ut åte.

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Lom kommune viser til saksutgreiinga og har følgjande merknader til høyringsforslaget:

Viltlova 11- endring:

1. Det må ikkje leggjast til grunn skilnad på artar i paragrafen. Naudverjeregelen må gå på **situasjon og ikkje art.**
 - Det blir prinsipielt feil å skilje bjørn og gaupe/jerv slik som foreslege i høyringa. Ser ein på registreringstala som viser ein prosentandel på 60-90 % hannbjørnar, vil det vera feil å bruke arten som eit hinder for å utløyse bruk av naudverjeparagrafen. Om ein skyt ein hannbjørn som er på vandring for å hindre skade på bufe kan ikkje det gjera dei heilt store utslaga i bestanden.
 - Å leggje inn i paragrafen omgrep som ”-avverge faren på annen rimeleg måte-” gjer lova uklar og vanskeleg å halde seg til.
2. Lom kommune er sterkt i tvil om endringa vil klargjere det juridiske meir enn den eksisterande regelen.

Rovviltforskrifta § 13a – ny:

1. Som ein direkte konsekvens av den nye paragrafen blir det sett krav om at standard på gjerde skal oppfylle Direktoratet sine krav til rovdysikre gjerde. Med alle dei hegn som eksisterer og som ikkje tilfredstiller desse krava vil der vera heilt uhaldbart for næringa å setje slike krav. Det er heller ikkje til stor hjelp om styresmaktene yter tilskot til slike hegn så lenge det ikkje dekkjer heile meirkostnaden til slike tiltak.
2. Dess meir ein detaljerer regelverket og kompliserer iverksetjing av skadefelling dess meir uhaldbart blir det for næringsutøvarane. Ein skadefellar vil i ein gjeven situasjon fyrst og fremst tenke på husdyra

Viltlova § 26 – heimel:

Lom kommune ser positivt på at det blir opna for at Kongen kan gje nærare reglar for løyve til å leggje ut åte.

Saksprotokoll i Formannskap - 09.09.2008

Vedtak

Lom kommune viser til saksutgreiinga og har følgjande merknader til høyringsforslaget:

Viltlova 11- endring:

1. Det må ikkje leggjast til grunn skilnad på artar i paragrafen. Naudverjeregelen må gå på **situasjon og ikkje art.**
 - Det blir prinsipielt feil å skilje bjørn og gaupe/jerv slik som foreslege i høyringa. Ser ein på registreringstala som viser ein prosentandel på 60-90 % hannbjørnar, vil det vera feil å bruke arten som eit hinder for å utløyse bruk av naudverjeparagrafen. Om ein skyt ein hannbjørn som er på vandring for å hindre skade på bufe kan ikkje det gjera dei heilt store utslaga i bestanden.
 - Å leggje inn i paragrafen omgrep som ”-avverge faren på annen rimeleg måte-” gjer lova uklar og vanskeleg å halde seg til.
2. Lom kommune er sterkt i tvil om endringa vil klargjere det juridiske meir enn den eksisterande regelen.

Rovviltforskrifta § 13a – ny:

1. Som ein direkte konsekvens av den nye paragrafen blir det sett krav om at standard på gjerde skal oppfylle Direktoratet sine krav til rovdysikre gjerde. Med alle dei hegn som eksisterer og som ikkje tilfredstiller desse krava vil der vera heilt uhaldbart for næringa å setje slike krav. Det er heller ikkje til stor hjelp om styresmaktene yter tilskot til slike hegn så lenge det ikkje dekkjer heile meirkostnaden til slike tiltak.
2. Dess meir ein detaljerer regelverket og kompliserer iverksetjing av skadefelling dess meir uhaldbart blir det for næringsutøvarane. Ein skadefellar vil i ein gjeven situasjon fyrst og fremst tenke på husdyra

Viltlova § 26 – heimel:

Lom kommune ser positivt på at det blir opna for at Kongen kan gje nærare reglar for løyve til å leggje ut åte.

Vedtatt med fire røyster mot ei røyst.